

KONTAKTBLAD FOR  
Nr. 24 Des.1997 8.årg.

# HJARTDAL HISTORIELAG



*Godt nyttår!*



**Les:**

HHL er på Internett  
Folketeljingar frå 1865  
er lettare tilgjengeleg  
Referat frå årsmøtet i  
1997  
Kven var  
Ole Andrewson?

**Alf Mostue**  
æresmedlem i  
Hjartdal historielag

**Banken feirar  
100-årsjubileum  
i 1998**



Jubileumsbok  
er under arbeid.

Det blir arrangert USA-  
tur i jubileumsåret

**Endeleg får du  
anledning til  
å betale kontin-  
genten for 1997!**

# Alf Mostue — første æresmedlem i historielaget

Historieinteresserte kjenner godt til Alf Mostue. Denne halvttuddølen (han bruker mykje av tida si på hytta i Tuddal) har prestert mykje innanfor historiefaget både lokalt og nasjonalt. Ein artikkel om han står i kon-taktblad nr.12, så vi skal ikkje gjenta dette her.

Vi kan heller nemne at han også var med sjølv på å oppleve ein dramatisk del av norgeshistorien, da han var med i motstandsarbeidet under krigen. Det var arbeid med illegale aviser som var hovudinnsatsen hans. Dette kan ein lese om i Birger Thorsens bok "I kamp med det frie ord".

Æresmedlemskapet får han for interessa han har vist laget, ved å

skaffe og ordne mengder av kjeldemateriale. Den siste store innsatsen hans har vore avskrivning av den kjempestore og nesten uleselege første formannskapsprotokollen frå Hjartdal kommunes arkiv.

Det synlege beviset på æresmedlemskapet er eit diplom. Dette er utforma av Tone Stuvrud og det blei overlevert nå i haust.



***Så rakk vi altså ikkje å få ut bladet før nyttår.  
Det måtte bli eit romjulsarbeid. Dermed blir det litt  
seint å betale kontingenten for 1997, men det får vi tru  
medlemene ber over med.***

# REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 15.5.1997 PÅ SAULAND MENIGHETSHUS

Møteleiar var formannen Torkel Hytta. Det blei servert kaffe og kaker. Innkalling var sendt alle medlemmene i form av kontaktblad nr. 23.

## Saker:

### 1/1997 ÅRSMELDING

Godkjent etter gjennomgang ved formann og sekretær

### 2/1997 REGNSKAP

Regnskapet blei godkjent av årsmøtet. Det er revidert av Finn Birger Andersen

### 3/1997 VALG

Resultatet var i tråd med valgkomiteens innstilling:

Formann: Torkel Hytta (Ikkje på valg)

Elles i styret:

Ivar T. Dahl (Gjenvalg),

Leif Skoje (Gjenvalg),  
Helga Asland, (Ikkje på valg),  
Astrid N. Våle (Ikkje på valg),  
Ragnhild Særsland (Ny)

Vara: Anne Haugen Wagn

Vara: Anne Tone Larsen

Vara: Astrid Espelid

Valgkomite: Ola H. Særsland

Finn Birger Andersen

Revisor: Finn Birger Andersen

### 4/1996 EVENTUELT

a: Hallgrim Høydal kåserte om Notoddens første tid som by.

b: Årskontingenten blei sett til 50 kroner som før.

c: Alf Mostue blei utnemnd til æresmedlem i Hjordal historielag.

Elles var årsmøtet som vanleg prega av mykje interessant uformell prat om historie.

\_\_\_\_\_  
Torkel Hytta (Formann)

\_\_\_\_\_  
Leif Skoje (Sekretær)

## Ver med på å halde bladet i gang!

Kontaktbladet ser vi gjerne at kjem ut oftare. Men det er avhengig av bidrag frå medlemmene. Det har siste året vore sparsamt med blad. Grunnen er at vi har vore mykje opptatt med dei sakene som er omtala i dette bladet. I tillegg er vi to frå styret som også er engasjerte i arbeidet med Hjordalssoga, som nå er i innspurten.

Ein annan grunn er at trykkeutgiftene blei betydelege etter at kommunen såg seg nøydd til å ta full betaling for kopiering.

Dette nummeret gjekk det forresten greitt med. På grunn av temaet som dominerer bladet, var det ikkje vanskeleg å få papir og lån av kopimaskin hos Hjordal og Gransherad sparebank, da vi spurde om hjelp til produksjonen.

# EDB-nytt

Som elles i samfunnet vil vi tru at historielagsmedlemer meir og meir blir med på utviklinga innan EDB. Fleire og fleire får utstyret i hus, og litt etter litt ser ein nytteverdien på mange felt.

Innanfor historiefaget har teknikken heilt frå første stund vist seg nyttig. Her er det ofte behov for nettopp behandling av store mengder data. Og da er det sjølvsagt midt i blinken å få gjort dette automatisk.

## **Folketeljingar frå 1865**

I staden for å gje oss det vanlege kulturtilskotet, så har Hjartdal og Gransherad sparebank i år kosta utgiftene med å skrive inn 1865-folketeljinga frå hjartdalsbygdene på EDB. Dette var aktuelt i samband med skrivninga av bankens historie.

Anne Marie Haugan frå Hjartdal hadde dette som ein sommarjobb, og fekk gjort det raskt og effektivt. Dermed har vi nå dei nesten 3000 hjartdølane frå den tida på ei ordna liste (database) til bruk på alle vanlege datamaskinar.

Vi kan lett leite oss fram til namn på lista. Vi kan på nokre få sekund sortere lista på mange

slags måtar. F.eks. om vi sorterer lista etter kva slag stilling innbyggjarane hadde, får vi raskt oversikt over kor mange som var bønder, kor mange som var husmenn, tenestejenter, føderådsfolk e.l. Med litt interesse vil ein på ei kveldsstund finne svar på grunnleggande spørsmål om befolkningsstrukturen i bygdene våre. Dette ville tatt dagevis på manuell måte.

HHL har med dette mulighet til å gje kopi på diskett til dei av medlemmene som er interessert i å ha lista på eigen maskin. Dette gjeld sjølvsagt bare så lenge det ikkje er til kommersielt bruk.

Sjølvsagt har dette arbeidet gjort at vi også kan gje medlemmene lister på papir, sortert på ulike måtar.

## **Hjartdal historielag på Internett**

Sidan historielagssekretæren også er EDB-ansvarleg på Sau-land skule, har det vore mulig å hekte ein presentasjon av historielaget på internettabbonementet til skulen. Dette går bra så lenge skulen ikkje treng all plassen som er til disposisjon, sjølv.

Vi er sjølvsagt nybegynnarar, men vi har laga ein presentasjon

(heimeside el. web-side) som kan nåast frå kor som helst i verda. Den som har utstyret kan finne sida på følgande adresse:

<http://w1.2350.telia.com/%7Eu235000009/hhl.htm>

Om nokon er interessert i å vere med å vidareutvikle dette, så ta kontakt. Førebels er det lagt ut nokre tilfeldige aktuelle småtekster med bilde.

Om du ikkje har utstyret sjølv, kan du gå på Hjartdal folkebibliotek på Saulandtunet i

åpningstida, for å sjå det i bruk og kanskje prøve sjølv. Der kan bibliotekar og historielagsmedlem Åsta Næssén koble seg til både HHL-sidene og alle andre internettsider i verda, dersom trafik-ken ikkje er for stor.

(Når du likevel er der, kan du jo ta ein kikk i skåpet til historielaget og kanskje låne litt lese-stoff der også. Det er framleis mulig å lese på papir).

## Ole Andrewson— ein kyrkjepionèr i det norske USA.

For nokre år sidan laga HHL eit opplegg for ein historisk rusletur langs den gamle Tuddalsvegen. Vi syntest at vi greidde å grave fram ein god del av fortida til denne veggen.

Litt må vi derfor beklage at vi først nå har blitt skikkeleg merksame på den mest kjende personen som nokongong har vakse opp langs denne veggen. Dette trass i at han er nemnt både i Hjartdals saga, “Det løfterike landet” (utvandringshistorie av Odd S. Lovoll) og artikkelen om gjestebodet i Muskego i “...for at finde en blidere Skjebne.”

Det tok altså litt tid før vi skjønna at det var snakk om ein og same person, nemleg Ola Andresson, fødd i 1818 og oppvaksen på plassen Åsen under Myljombø i Sauland. Denne husmannsguten utvandra til Wisconsin i 1841 saman med syster si og svogeren.

Han kom til å gjere ein banebrytande innsats innanfor misjon og kyrkjeliv i det norske USA, som var prega av svært mange kyrkjesamfunn med mykje strid seg imellom.

Vi håpar på å kunne komme tilbake med ein fyldigare omtale av denne mannen. I mellomtida ser vi gjerne at dei som veit noko meir om han enn det som er skrive i dei nemnde kjeldene, tar kontakt.

# Banken 100 år i 1998



*O.Lias hus i Sauland var det første*

På mindre stader blir kvar enkelt institusjon enda viktigare for innbyggjarane enn i ein større by. Vi er få her i bygdene som ikkje har eit forhold til banken. Og vi ser han som eit sjølvstøtt innslag i bygda, som posthus, kommunehus, skular og butikkar. Lett er det å tenke seg ulempene om ein for kvar tur i Hjordal og Gransherad sparebank skulle måtte køyra dei to mila ekstra til Notodden. Eller kva med det å alltid treffe kjentfolk både framfor og bak skranken?

100 år har altså gått sidan Kjetil Dahlen frå Hjordal kunne opne dørene for dei første

kundane til Hjordal sparebank. Dette var i ei stor brytningstid på mange måtar i bygdenorge. Og ein del framsynte og energiske folk her i bygdene såg krava som blei stillt og mulighetane som låg opne for utvikling. Ikkje minst var opprettinga av bank ein ting som pressa seg fram i tida.

Overgangen frå naturhushald til pengehushald hadde gjeve bygdefolk pengar mellom hendene. Mange trong meir pengar enn dei hadde til investeringar. Andre trong hjelp til å ta vare på kontantane sine til seinare bruk.

Mellom bygdefolket var det dei som knapt visste kva ein bank var, medan andre var drevne forretningsmenn som hadde hatt sin gang ut og inn av bankar i byane i nærleiken. Men behovet for bank viste seg å vere tilstades etterkvart for det heilt store fleirtalet av innbyggjarane. Og etterkvart kom banken til å hevde seg i eit større omland enn hjordalsbygdene.

# Anne Haugen Wagn skriv bankens historie

*Anne Haugen Wagn har hatt oppgåva å samle trådane i dei hundre åra med bankhistorie. Faktisk var det nødvendig å gå ein god del lenger attende for å finne dei første tankane om bank i bygdene. Da banken opna i 1898, hadde tankane om bank i Hjartdal vore tilstades i fleire ti-år utan at det hadde blitt alvor. Og dei fleste nabobygdene hadde hatt sine sparebankar i drift i mange år.*

AHW:

Det var i januar 1857 at formanns og representantskapet i Sauland vedtok å selje kornmagasinet i bygda for å deretter å bruke pengane til å opprette ein kommunebank. Saulendingane kom langt med planane. Regjeringa godtok bankplanen, kommunestyret valde forstandarar, og ordføraren kjøpte inn protokollar. Men banken blei ikkje realisert. Svaret på kvifor det ikkje blei nokon bank i



Kjetil O. Dahlen

Sauland før 40 år seinare, er ikkje enkelt å gje. Mulege svar er at 1860-åra var vanskelege. Det var ein sein og kald vår, det var lite av såkorn og poteter, folk svalt, og mange måtte ta opp lån for å greie seg. Kanskje

pessimismen spreidde seg. Det kan og ha vore problem å få folk til å påta seg bankarbeid, og det kan ha vore lokal motstand mot å etablere bank.

Først i 1897 fremjast forslaget om å grunnleggje bank i Hjartdal på nytt. Denne gongen er det bonden og læraren, O.S. Haugan, som legg fram saka i kommunestyret, og ein komite blei sett ned for å arbeide vidare med saka. 1. oktober 1898 er første opningsdagen til Hjartdal Sparebank, og det er i Ola Lias hus i Sauland banken held hus, før det blir innflytting i Sauland ysteri og varelag i februar 1900. I 1952 kom banken i kommunehuset, før Hjartdal Sparebank flyttar inn i eige hus i 1975.

I løpet av desse hundre åra har

banken berre hatt fire banksjefar. Den første var Kjetil Dahlen, i 1927 overtok sonen, Halvor Bøe. Mathis Håtveit overtok stillinga i 1963 og var banksjef fram til han gjekk av for aldersgrensa i 1981. Frå dette året overtok Helge Granlund.

Forfattaren av jublieumsboka, som truleg får namnet “Vekst og varsemnd i 100 år”, har prøvd ikkje berre å lage ei banksoge, men ei hjartdalssoge. Boka inneheld difor politisk bakgrunnstoff, dessutan lokalt kultur og samfunnsliv i Hjartdal gjennom 100 år.

Boka er klar for sal i juni 1998.

Hjartdal historielag er med på jubileumsmarkeringa til banken ved at HHL-styret er representert både i jubileumskomite, bok-komite og reisekomite. Elles er HHL eit av dei mange friviljuge lokale tiltak som banken har støtta økonomisk gjennom åra.

*Hjartdal historielag gratulerer med jubileet  
og seier takk for økonomisk stønad - og inte-ressa  
banken viser for historien til bygdene.*



# Til USA med bank og historielag

For nokre år sidan, i 1989, var det ein del folk i bygda som ville markere starten på utvandringa frå Hjartdal til USA. Dette var eit vellukka tiltak med stor oppslutning. Det blei også dette som i stor grad gav eit initiativ til å opprette Hjartdal historielag.

Ein ide som alt den gongen var framme, var at det skulle arrangerast ein tur til USA. Dette blei det ikkje noko av da, men nå har vi sett bankjubileet som ein anledning til å gjere alvor av turen. Det har vist seg å vere svært stor interesse for ideen, og det ser ut til at det vil bli mellom 50 og hundre deltakarar som kjem til å oppleve

USA i juli/ august 1998.

Banken arrangerer turen med hjelp av reisebyrået Sabra Tours. Medan HHL skal vere med å ta seg av noko av innhaldet i turen. Sjølv sagt skal vi gjennom strok med norsk innvandring, og vi skal oppleve minne om utvandring frå vårt distrikt.

Men USA er mykje meir enn dette, så vi har lagt første del av turen til Storbyen Denver, litt av Rocky Mountains og dei store præriane i vest, der annan historie og geografi også kan opplevast. Indianarar, cowboys, nybyggjarar og gullgravarar har gjeve desse områda ei rik og dramatisk historie.

## **ORIENTERINGSKVELD OM HJARTDAL SPAREBANK SIN JUBILEUMSTUR TIL USA**

**På Sauland menighetshus torsdag 15.januar kl.19.00**

Turen vil bli nærmare presentert, og reisekomiteen og turoperatøren (Sabra Tours) vil vere tilstades og svare på spørsmål.

**Påmelde og alle andre interesserte er velkomne!**

# Muskego-kyrkja — det rikaste minnet frå den tidlegaste utvandringa

(Og Hjartdals store bidrag til norsk kulturhistorie i USA)

*Eit sjølvsagt reisemål på USA-turen er denne kyrkja. Det er på sin plass å minne om bakgrunnen for dette bygget som sidan 1963 står i det nasjonale registeret over historiske stadar i USA.*

Da Cleng Peerson grunnla den norske amerikautvandringa kom dei fleste til å slå seg ned ved Fox River sørvest for Chicago i staten Illinois. Men da det kom ei mengd numedølar tinndølar og hjartdølar i 1839, seier saga at desse nærmast blei lurt til å slå seg ned like utanfor byen Milwaukee i Wisconsin, ein stad som heitte Muskego.

Denne staden fekk ein tragisk historie, men likevel verkar det som om Cleng Peerson's æra i

uvandringshistoria sluttar ved Fox River, og at det blir Muskegosamfunnet som trass i mykje motgang, blir sjøelve grunnlaget for vidare settling i vestleg og nordleg retning mot Minnesota og Dakota-statane, der dei store bølgene med nordmenn seinare slo seg ned.

At det var Halvor Nilssen Lonar som sto for tømringa av Muskegokyrkja, er nok velkjent for historielags-medlemene, om ikkje så kjent for andre. Kyrkja blei påbegynt i 1843 som den første norske kyrkja i USA (det skulle ble omlag 1300 av dei).

Kyrkja kom til å gjere tenesten gjennom svært harde tider, særleg på grunn av malaria og koleraepidemiar dei første åra. Det var nok gravferdene dei fleste forbandt med kyrkja i den tida.




*Det er på tide at hjartdølar får sjå dette utvandrarhistoriske klenodiet i St. Paul, Minnesota.*

Likevel utvikla staden seg, og folk fann seg etter nokre år råd til å byggje ei meir moderne kyrkje. Da forfall den gamle kyrkja og blei ei stund bruka som stall og grisehus inntil ein historikar oppdaga dette, og sette igang ein redningsaksjon. Dette førde til at kyrkja blei restaurert, men flytt til ein park ved det norske presteseminar - Luther Seminary, i St. Paul i Minnesota. Der står ho i dag og blei i haust besøkt av dei som planlegg bankjubileumsturen.

Det er nok ikkje mange hjartdølar som har sett kyrkja, men Arne Hardang har vore der, og han skreiv ei fin skildring av opplevinga i "Arven" i 1980.

Denne artikkelen og meir om Muskego, kan lesast i "*...for at finde en blidere Skjebne*". Kyrkja har dessutan si eiga side på internett. Adressa er:

[http://www.luthersem.edu/  
information/life/  
resources/archives/ muskego.htm](http://www.luthersem.edu/information/life/resources/archives/muskego.htm)



I samband med bankhistoria har Alf Mostue hjulpet til med å lese denne formannskapsmøteinnkallinga frå 1850. Eit par av punkta på saklista tyder på at behovet for ein bank begynner å vise seg:

### Budstikke

Fredagen d.1 Marsti førstkommende bliver et Formandskab og Representantskabs Møde afholdt paa

Communens forrige Gaard Mosebøe i Souland hvortil indkaldes Formænd og Representanter at afgive Møde Klokken 9 Formiddag, samt om fornødiges den følgende Dag efter.

Sagerne bliver at behandle.

- 1) De 29 stykker Regninger fra Lensmand Rynning.
- 2) Decition i Communes Indtægter og Udgifter for det forrige Aar.
- 3) Revision og Decition over Præstegjeldets Bygdemagasin hvortil Magasinbestyreren haver at afgive Møde samme Dag for at aflægge Regnskab.
- 4) Sognepræstens forlangende, om at en obligasjon udsadt paa Skolecassen motte overtages paa Communcassen til Udbetaling.
- 5) Formandskabets Udligning paa Præstegjeldets Matrikulskyld til Communes Udgifters Bestridelse til næste Aar.

Hjerdahls Formandskab d.23 Feb. 1850

O.K.Brekke  
Ordfører



## HJARTDAL HISTORIELAG

Grunnlagt 1989

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 150  
 Sekretær: Leif Skoje, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011  
 Bank: Hjordal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

*Kontaktbladet blir laga av Sekretæren i HHL. Bladet blir sendt alle medlemmer - deriblant ein del institusjonar. Det er lov å bruke og kopiere frå bladet, men oppgje kjelde. Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.*